



Eid Kommune

Retningslinjer for tilskot til frivillig kulturarbeid i Eid kommune



Innhold

1.1 Generelt.....	3
1.2 Ordinære kulturmidlar (driftstilskot):	3
Fordeling/vilkår for tildeling av kulturmidlar (driftstilskot):.....	4
1.3 Eid kommune sin Kulturpris:.....	4
1.4 Ungdommens kulturpris:	5
1.5 Tilskot til halleige:	6
1.6 Tilskot til idrettsorganisasjonar:.....	6
1.7 Tilskot til aktivitetar til barn og unge (til disposisjon for Ungdomsrådet):	6
1.8 Prosjekt- og arrangementstilskot:.....	6
Prosjektilskot:	6
Arrangementstilskot:.....	6

1.1 Generelt

Kommuneplanen sin Samfunnsdel:

I Eid kommune sin kommuneplan, samfunnsdelen, er kulturomgrepet eitt av dei tverrfaglege tema som er integrert i alle område i samfunnsdelen. Vi finn kulturomgrepet igjen under alle tema i planen, og spesielt under området

Å tilbringe aktiv fritid i Eid:

Der er det formulert slikt mål:

Kommune, næringsliv og frivillige lag og organisasjonar skal samarbeide om å utvikle fritidsaktivitetar tilpassa dei ulike livsfasane, innan kultur, idrett og friluftsliv. Eldsjelene skal ha gode vilkår i Eid. Vi skal ha eit sentrum med kvalitetar og tilbod som er attraktive både for fastbuande og besøkande.

Kommunale tilskot:

Eid kommunestyre set årleg av midlar som har som målsetjing å vere eit bidrag til å fremje eit aktivt og allsidig kulturliv i tråd med dei overordna målsetjingane. Spesielt prioritert er aktivitetar for barn og unge, og aktivitet spesielt tilrettelagt for personar med spesielle behov.

1.2 Ordinære kulturmidlar (driftstilskot):

Fastsetjing av kulturmidlar:

Kommunestyret fastset ramma for dei årlege kulturmidlane (driftstilskot til lag og organisasjonar). Utvalet med ansvar for kultursaker, fordeler ramma som skal delast ut som tilskot til

- Idrettsorganisasjonar
- Song og musikkorganisasjonar
- Andre lag og organisasjonar.

Så lenge den samla ramma er uendra, treng ein ikkje ny sak i høve fordeling av ramma mellom desse tre.. Ramma skal likevel vurderast ein gong kvar kommunestyreperiode.

Kunngjering/søknad:

Dei ordinære kulturmidlane (driftstilskot) blir tildelt 1 gong i året – og fortrinnsvis på våren. Midlane med søknadsfrist blir lyst ut i lokalavisa og på kommunen si heimeside.

Søknad skal leverast elektronisk innan den fastsette fristen. Det er krav om at all informasjon skal vere utfylt i skjema før søknaden vert godkjent.

Fordeling/vilkår for tildeling av kulturmidlar (driftstilskot):

Fordelinga av tilskotet til det enkelte lag og organisasjon, blir gjort administrativt etter følgjande reglar:

- Laget må ha eit styre, betalande medlemmer og føre eige rekneskap (rekneskap må kunne leggjast fram på førespurnad)
- Det er hovudlaget som søker og fordeler innan eigen organisasjon.
- Søknaden skal vere levert elektronisk innan fristen (som blir annonsert)
- Lag og organisasjonar som aktiviserer barn, unge og funksjonshemma, vert prioritert.
- Løyvinga blir relatert til tal aktive medlemmer, og søkerane må på oppfordring kunne leggje fram medlemsliste med registrerte medlemmer der medlemskontingent er betalt.
- Minimumløyving er kr. 1 000,- til kvar søker (så lenge avsett ramme tillet det)
- Unnateke frå stønad:
 - Lag som primært tek vare på dei yrkesmessige og økonomiske interessene til medlemene.
 - Politiske parti (inkludert ungdomsorganisasjonar)
 - Statlege, fylkeskommunale og kommunale institusjonar/anlegg
 - Organisasjonar og personar utan direkte forankring i Eid kommune
 - Organisasjonar der ein viktig del av verksemda er å samle inn til andre formål
 - Andre interesseorganisasjonar (td. organisasjonar som er skipa ut i frå ein sjukdom eller lyte)
- Der laget har eit overordna råd (td. Eid idrettsråd) skal desse ha saka til uttale før endeleg fordeling blir gjort.

Tildeling/utbetaling:

- Vedtak om tildeling av kulturmidlar blir sendt den som står som søker av midlane.
- Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.
- Tildelte midlar blir innan 1 måned utbetalt til det kontonummer som står oppgjeve i søknaden.

1.3 Eid kommune sin Kulturpris:

Fastsetjing/tildeling av kulturprisen:

- Kommunestyret fastset storleiken på kulturprisen i samband med årsbudsjettet.
- Kulturprisen er sett saman av ein pengesum, blomster og eit synleg symbol i form av ein diplom underteikna av ordførar og leiar for det faste utvalet for kultursaker.

- Enkeltpersonar, grupper eller organisasjonar blir oppfordra gjennom lokalavisa og på Eid kommune si heimeside å kome med godt grunngjevne forslag til kandidatar.
- Det faste utvalet for kultursaker tildeler prisen etter tilråding frå ein jury beståande av leiar frå utval og to representantar frå utvalet for kultursaker og ein frå administrasjonen. Tilrådinga skal vere grunngjeven. Tildelinga av kulturprisen blir offentleg når det faste utvalet for kultursaker har treft vedtak i saka.
- Kulturprisen blir utdelt i samband med det siste kommunestyremøtet før jul.

Kriteria for tildeling av kulturprisen:

- Kulturprisen skal vere ein heider til mottakar og ei støtte for arbeidet med kunstnarleg og kulturell verksemd i kommunen.
- Kulturprisen skal gjevast til personar eller institusjonar heimehøyrande i Eid kommune.
- Kulturprisen kan gjevast til ein person, eller i særlege høve delast mellom fleire personar eller institusjonar.
- Dersom Kulturprisen ikkje blir delt ut eitt år, kan beløpet nyttast til andre kulturformål.

1.4 Ungdommens kulturpris:

Fastsetjing/tildeling av kulturprisen:

- Kommunestyret fastset storleiken på kulturprisen i samband med årsbudsjettet.
- Ungdomens kulturpris er sett saman av ein pengesum, blomster og eit synleg symbol i form av ein diplom underteikna av ordførar og leiar for Ungdomsrådet.
- Enkeltpersonar, grupper eller organisasjonar blir oppfordra gjennom lokalavisa og på Eid kommune si heimeside å kome med godt grunngjevne forslag til kandidatar. Forslag kan sendast inn heile året, men seinast innan den fristen som kjem fram i utlysinga.
- Det faste utvalet for kultursaker tildeler prisen etter tilråding frå ein jury sett saman av leiar av utvalet for kultursaker, tre representantar frå ungdomsrådet og ein frå administrasjonen. Tilrådinga skal vere grunngjeven. Tildelinga av kulturprisen blir offentleg når det faste utvalet for kultursaker har treft vedtak i saka.
- Ungdomens kulturpris blir utdelt i samband med det siste kommunestyremøtet før jul.

Kriteria for tildeling av kulturprisen:

- Ungdomens kulturpris skal stimulere til vidare satsing, og skal vere med å dekkje utgifter i samband med konkurransar, samlingar, utdanning eller andre oppgåver.
- Mottakar av Ungdomens kulturpris må vere under 25 år. For grupper må gjennomsnittsalderen ikkje vere over 25 år.
- Ungdomens kulturpris skal gjevast til personar eller institusjonar heimehøyrande i Eid kommune.

- Ungdomens kulturpris kan tildelast ein utøvar, delast på fleire kandidatar, ei gruppe av utøvarar eller til ein ungdomsleiar som har oppnådd ein prestasjon, eit resultat eller eit nivå som er utanom det vanlege innan kulturlivet i kommunen.
- Dersom Ungdomens kulturpris ikkje blir delt ut eitt år, kan beløpet nyttast til andre kulturformål.

1.5 Tilskot til halleige:

Kommunestyret fastset i samband med årsbudsjettet, storleiken på tilskotet til halleige.

Tilskotet blir fordelt dei frivillige lag og organisasjonane som drive aldersbestemt idrett i Eid idrettshus og Valhall. Det er laget sin andel av utfakturert treningsleige som blir lagt til grunn ved fordeling av tilskotet (haustsemester det føregåande året, og vårsemester i rekneskapsåret). For å få utbetalt tilskot, må laget sin andelen vere min. kr. 1000,-.

1.6 Tilskot til idrettsorganisasjonar:

Faste årlege tilskot er eigne vedtak i Eid kommunestyre, og midlane er sett av i Eid kommune sitt årsbudsjett.

Midlane blir utbetalt snarast etter årsbudsjettet er vedteke.

1.7 Tilskot til aktivitetar til barn og unge (til disposisjon for Ungdomsrådet):

Ungdomsrådet har årleg ein sum av årets løyving til disposisjon til ulike tiltak knytt til barn og unge. Søknader blir handsama fortløpande.

1.8 Prosjekt- og arrangementstilskot:

Prosjekttilskot:

Dette kan vere festivalar, turneringar, utviklingsprosjekt, leiaropplæring, fleirkulturelt mangfald, medietiltak og kulturminnevern.

Arrangementstilskot:

Alle typar kulturarrangement som kunngjerast og er opne for alle. Eventuelt tilskot blir i slike saker gitt som underskotsgaranti.

Felles:

Det er ikkje sett av eigne midlar til slike tiltak i Eid kommune sitt budsjett utover det som er til disposisjon for Ungdomsrådet, og kvar søknad må vurderast i kvart enkelt tilfelle. Søknader som omhandlar barn og unge går til Ungdomsrådet som tilrår/behandlar søknadene etter sine eigne retningslinjer. Andre søknader blir handsama av kommunestyret sjølv. Eid kommune sin økonomiske situasjon vil vere avgjerande for om slike tilskot kan gjevast.

Til arrangement skal støtte fortrinnsvis gjevast som underskotsgaranti.

Tilskot/underskotsgaranti blir utbetalt/innfridd etter at tiltaket er gjennomført og rekneskap levert Eid kommune.

Det skal søkjast før prosjektet skal gjennomførast/arrangementet blir halde. Slike søknader blir handsama gjennom heile året, men må gjelde tiltak som ein ikkje med rimelegheit kan vente er søkt om og handsama i samband med Eid kommune sitt årsbudsjett.

Søknader blir utgreidd og lagt fram for politisk handsaming utan tilråding til utvalet med ansvar for kultursaker. Kommunestyret tek avgjerd i saker der det er positiv tilråding frå utvalet. Det er ikkje klageadgang i slike saker.

I dei tilfelle det er sett av egne budsjettmidlar til slike tiltak, kan ein administrativt tildele midlar inntil kr. 5.000,- .